




På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: Kyrkjekontoret



kyrkjekalenderen

Mars

Fre.19. kl.19.00 - Haga
Konsert – Spirituals
Prosjektkor m. band og solistar

Søn.21. kl. 11.00 - Ådland
Familiegudsteneste
Dåp

Søn.28. kl.11.00 - Haga
Gudsteneste palmesøndag
Nattverd.

April

Tors.1. kl.18.00 - Haga
Kveldsgudsteneste skirtorsd.
Nattverd
Kveldsmat etter gudstenesta

Fre.2. kl.11.00 - Ådland
Langfredagsgudsteneste

Søn.4. kl.11.00 - Ådland
Høgtidsgudsteneste påskedag
Dåp

Søn.11. kl.11.00 - Haga
Barnas Misjonsdag.
Song av barnekoret
Dåp

Søn.11. kl.18.00 - Haga
Storsamling
Ungdom tek del

Søn.18. kl.11.00 - Ådland
Gudsteneste
Nattverd

Tys.20. kl.18.00 - Haga
"Har du hørt det?"
Konsert m. barnekoret

Søn.25. kl.18.00 Haga
Lek gudsteneste
Søndagsskule for borna

Ons.28. kl.18.00 Haga
Samtalegudsteneste
m. konfirmantane

Litt årsstatistikk

Mange dåpar, få giftemål, mange medarbeidarar og litt færre på gudsteneste.

- Slik kan me kanskje oppsumera den mangfaldige statistikk for året som gjekk.

I alle fall hadde me 35 barnedåpar i fjor, og 8 brurepar. Heile 95 frivillige medarbeidarar er med på ulike tenester innanfor ulike arbeidsgreiner. Det er eit imponerende tal, sjølv om nokon nok har 2 tenester og vert talde både her og der. 31 har ulike tenester i samband med gudstenestene våre og 39 er engasjerte i barne og ungdomsarbeid, 9 i diakonalt arbeid, 6 i komité og utvalsarbeid og 19 i "anna arbeid". Når me i tillegg får hjelp av "utalde" konfirmant-foreldre og andre

foreldre rett som det er, må me vel vera heldige!

På gudstenestene var det gjennomsnittleg 71 framømte i året som gjekk, mot 74 året før. (Ja, me veit at det finst gudstenester med berre ei handfull framømte, og så har me nokre med fullt hus. Slik er det med gjennomsnitt...) Til påske var det 141 fleire til kyrkjens enn året før, medan det var 78 færre til jul. 1.juledag har mist statusen som hovud-kyrkjedagen i jula. Berre 55 var til stades på den gudstenesta i fjor, medan 410 var til kyrkjens på julaften.

Kompisleir



Åshild og Malin er gode vener!



Madeleine og Eirin er klare til innsats!

Ein liten gjeng frå 5.klasse, kosa seg på Tysse skule i helga saman med nokre ungdommar og nokre vaksne. Aktivitetar i gymsal og rundt borda, baking, drama og song., fellesmåltid og laurdagsgodt.

Slike ting er det ein kan driva på med på kompisleir!

I midten over:
Trekløveret Marte, Silje og Ellinor held på med ein leik i gymsalen og poserer villig for fotografen..

Song på gudstenesta av Siri, Ellinor, Malin, Tor Johan, Arild og Jon Einar



Helga vart avslutta med ei gudsteneste i kyrkja på Haga. Kompisane dramatiserte preika, dei song og leia forbøna. Dessutan hadde dei baka gode kaker til kyrkjekaffien. Mmmm.

Farvel til open barnehage

Alt før Haga-kyrkja var innvigd, kom "Open barnehage" og spurde om dei kunne få halda hus der. Sentral plassering, plass til parkering, varme i golvet og ikkje minst lav leige var nokre av grunnane til at plassen var vald. Soknerådet gav klarsignal, dei ville gjerne at tersklane i den nye kyrkja skulle vera lave og her såg dei eit høve til å opna kyrkja opp for "folk flest". Bar-

nehagen slapp med anna leige enn å betala for reinhaldet, og det var "grundarane" glade for. Det var ikkje så mykje statsstøtte å henta til slike barnehagar på den tida...

Ved årsskiftet 94/95 starta dei opp, over ein månad før huset var vigsla til kyrkjebruk. Dette var ingen kyrkjelydsbarnehage, og han hadde ingen annan tilknytning til kyrkja enn at han heldt hus der! Dei siste åra har kyrkja likevel hatt eit samarbeid med barnehagen om babysong. (Babysongen er ein del av kyrkja si trusopplæring, og har fått lov å halda til i eit eige rom i kyrkja, under barnehagen si opningstid.)

Det som starta opp som ein idé på eit av helsesøstra sine barselstreff, vart snart eit populært tiltak både for heimeverande ungar som fekk nokon å leika med og for heimeverande foreldre som fekk nokon å dela gleder og bekymringar med. Stundom

hadde dei også gjestar som hadde temasamlingar for dei vaksne medan borna leika saman ein annan stad. Lenge hadde barnehagen ope to dagar i veka, men så vart det betre barnehagedekning i bygda, og barnehagen trappa ned til ein dag. Til slutt vart han altså for lite besøkt, og måtte leggjast ned.

Me ville berre få seia at me kjem til å sakna dykk! Kanskje ikkje alle leikane som fylte skapane våre, men at huset fyltest av skrattande, leikande, sovande og skrikande ungar og pratande mødrer, (og stundom til og med fedrar..) Heldigvis held babysongen fram, så heilt utan småborn vert me ikkje om torsdagane.

Takk til alle som har leia barnehagen, frå Trude Løvskar som starta det heile, til Katrin Langeland som var leiar no til slutt. Mykje godt arbeid har vore lagt ned av dykk, og me takkar for samarbeidet gjennom 15 år.

Helsing oss i kyrkja

NB!

Ikkje gløym konserten med spirituals i Haga-kyrkja på fredag. Sjå lysing på "plakatveggen" og omtale av konserten i førre Samning.

frå kyrkjeboka



Døypte

7.2

- Hanna Bruvik Hauge 21.2
- Nikolai Gjerde Naalsund
- Vegard Heimdal
- Lucas Sandvik Foss
- Linnea Jørgensen Koldal 7.3
- Patrisia Tandrevoll
- Sofie Flaktveit Holmsen
- Hanna Øpstad-Gjerde



Avlidne

9.2 - Marta Kristine Litangen
21.2 - Sigurd Eikedal



BØNERINGEN er her for deg.

Står noko på, så ring Audun Aase på tlf. 41 52 19 05

Vil du vera med i bøneringen, ring det same nummeret.